

Årsmelding

Foreininga Bruktbuo

2025



Foreininga Bruktbuo, Leitet 25. 5640 Eikelandsosen.

Tlf: 401 52 846 Organisasjonsnummer: 931164023

Innhold

Om Foreininga Bruktbuo	3
Styret/organisering.....	3
Økonomi:	4
Overskotet – kjem born og unge til gode	5
Nye lokale	6
Dagleg drift	6
Meir enn berre ein Bruktbutikk!.....	8
Kundefrie dagar	8
Tysdagsklubb	9
Basar	9
Medarbeidarsamlingar	10
Labbelaurdag og kampanjar	10
Tv-aksjonen.....	11
Meir støtte til Etiopia.....	12
Takk.....	13

Om Foreininga Bruktbuo

Bruktbuo er ein bruktbuotikk i Eikelandsosen, som har opent tre dagar i veka. Torsdag, fredag og laurdag.

I mai 25 flytta me inn i nye lokaler på Fjord'n Nærserter. Dette har vore ei positiv endring for både butikken, salet og dei som jobbar her.

Butikken er drifta av om lag 40 frivillige medarbeidarar. Dei frivillige arbeidar tre timar per vakt, og vel sjølv kva dag og kor ofte dei vil jobbe. I tillegg til vakter er det og oppgåver for dei frivillige å delta på kundefrie dagar med å halde butikken rein og fin, samt handtere varer som kjem inn.

Butikken lever av at folk i lokalmiljøet leverer inn ting til oss som dei ikkje lengre har brukt for. Dette er brukte og ubrukte ting som me sel vidare, oftast til ein svært god pris. Etter at alle driftsutgifter er trekt frå, sit me som regel att med eit overskot. Overskot går til gode føremål både i nærmiljøet og i Etiopia.

Styret/organisering

Foreininga Bruktbuo er ein eigen organisasjon, leia av eit eige styre. Styret skal ta avgjersler og leggje føringar for korleis ein skal drifte butikken på best mogleg måte.

Dagleg leiar ved Fusa frivilligsentral har fast rolle som sekretær i styret for Bruktbuo, og hjelper til med det administrative arbeidet. Foreininga Bruktbuo betaler Fusa sokn / Frivilligsentralen ein sum for denne konsultasjonen.

Nedanfor ser de oversikt over styremedlemmane:

Styret bestod i 2024 av:

Styreleiar	Olaug Marie Bjørndal
Styremedlem/sekretær	Linda Cecilie Reigstad Matland / Kristin Almås
Styremedlem	Sølvi Kaldestad
Styremedlem	Gunn Marit Baldersheim
Varamedlem	Ole Bjørn Eikeland
Varamedlem	Marianne Ulevik

Styret hadde fem styremøter i løpet av 2025, + årsmøte.

Økonomi:

Det er heilt klart ei positiv endring i økonomien frå mai / juni, samstundes som butikken opna i nye lokale på Fjord'n nærsenter. Det er nærliggjande å tenkje at nye lokale har gitt fleire kundar, meirsal og slik auka inntekta. I tillegg arrangerte ein vellukka basar i februar, med god inntekt. Flyttinga ga noko ekstra utgifter på både inventar og BIR, men mindre enn forventa. Driftskostnadane er og tilnærma lik.

Bruktbuo søkte Fusa Kraftlag SA om støtte til robotstøvsugar, og fekk kr 10000,-

2025 har vore eit oppløftande økonomisk år for bruktbuo. Førebels rekneskap viser ei inntekt på kr 528 343. (sal, lodd / basar og søkte midlar)

Driftsresultatet endar på kr 191 238,-

Rekneskap 2024 Foreininga Bruktbuo

Sal varer	452 130
Anna inntekt	14 154
Sal lodd/basar	62 061
Inntekt	528 345
Personalkostnad	19 543
Husleige	144 500
Straum	28 496
Inventar	18 032
Anna driftsmateriale	13 596
Andre driftsutgifter	9 950
Reparasjon og vedlikehold	12 801
Rekneskapshonorar	6 480
Rådgjeving/administrative tenester	15 000
Gåve til andre (loddosal, tv aksjon)	59 763
Bank og kortgebyr	12 366
Utgift	340 457
Finansinntekter	3 350
Samla driftsresultat Overskott	191 238

Overskotet – kjem born og unge til gode

Overskotet blir fordelt på to gode formål; Fusa sokn sitt barne- og ungdomsarbeid, og stiftelsen Children`s burn & Wound Care Foundation.

CBWCF er ein stiftelse starta av den norske legen Einar Eriksen. Dei jobbar for å hjelpe brannskadde born i Etiopia. Bruktbuo har eit nært forhold til stiftelsen. Dei kjem gjerne innom butikken vår på besøk, og deltok mellom anna på opninga av ny butikk i mai. Butikken sel diverse varer laga av brannskada, samt etiopisk kaffi. Ein kan følgje CBCWF sitt arbeid på deira nettside:

<https://childrensburncare.org/>

Fusa sokn sitt barne- og ungdomsarbeid omfattar opplegg for alder 0-18 år med mellom anna dåp, konfirmasjon, aktivitet for ulike aldersgrupper, og eit samarbeid med barnehage og skule. Du kan lese meir om trusopplæring på Fusa sokn sine nettsider. <https://www.kyrkja.no/nn-NO/fellesrad/fusa/trusopplaring/>



Nye lokale

I mai 2025 flytta Bruktbuo til Fjord'n nærsenter. Stort, lyst og trivelege lokaler. Dette har auka trivsel både hos kundar og tilsette. Ikkje minst, ser ein ei auke i sal av varer. Flyttinga kravde mykje planlegging, mange timar flytting og turar på BIR.



God pågangsvilje og mange kjekke frivillige krefter gjorde denne jobben muleg. Alt arbeidet vart fort gløymt då ein såg eit utelukkande positivt resultat. No ryktast det at Bruktbuo er av dei finaste på Vestlandet!

Dagleg drift

Opningstidene i butikken er endra litt dette året. Butikken opnar no kl 11 og har opent til kl 17 torsdag og fredag. Laurdag har ein prøvd å ha opent til kl 15 etter erfaring med mykje kundar ved stengetid. (vurderast kl 15 sommartid , kl 14 vintertid)

Informasjon til alle går framleis via sms/ medarbeideren. I 2025 har me oppretta ei messengergruppe, for planlegging av t.d vakter. Dette har vore effektivt og nyttig for vaktplanlegginga.

Annakvar mandag har ein kundefri dag. Her blir butikken og lageret rydda, nye varer kjem på plass og ein startar treffpunktet med å ta opp praktisk informasjon og ting ein har på hjarte. Eit godt møtepunkt; sosialt, nyttig og kjekt.

Det vart gjennomført ei medarbeidarundersøking i november. Berre 2/40 svar ga lite grunnlag for å gå vidare med svara. Det opplevast som at ting vert tatt opp direkte ved behov.

Me har i 2025 hatt fokus på å finne nye medarbeidarar / frivillige i bruktbuo. Kampanje på Facebook, plakatar i butikken og «ta med ein du kjenner» har gjort at me har fått 5 nye på laget i år. Veldig kjekt!

Reinhold: vaskelister med reingjering/ støvsuging annakvar veke fungerer bra. Det vart søkt om midlar til Fusa kraftlag til ny støvsugar. Me fekk kr 10000,- til dette. Me kjem derfor til å «tilsetje» ein robotstøvsugar på nyåret.



Svært nøgd gjeng, med gåvesjekken frå Fusa Kraftlag!

I novemberutgåva av kyrkjebladet var det eit flott og stort innlegg om Bruktbuo og det gode frivillige arbeidet som blir gjort der! Kjekkk lesing, som me reknar med nådde ut til mange lesarar!

Det er viktig på ein frivillig arbeidsstad som Bruktbuo å ha respekt og tålmod for den einskilde og kvarandre. Ein må og ha lav terskel for å ta opp ting, for å unngå misforståing og konflikt. Me avgjer ting saman så godt det lar seg gjere. Styret har det endelege ordet dersom det er ulikt syn i saker.

Praktiske oppgåver

Bruktbuo er heldige å ha nokre karar med på laget. Dei tar gjerne på seg oppdrag med å fikse og ordne dersom noko treng reparerast, skru opp hyller eller ta litt tyngre tak. Dei var og svært gode å ha i den store flytteprosessen med både bæring og køyring til BIR. Slik innsats er ikkje alltid så synleg, men likevel så viktig og det vert sett stor pris på!

Meir enn berre ein Bruktbutikk!

Bruktbuo er i tillegg til å vere butikk, blitt ein viktig sosial samlingsplass for mange. I sofakroken, hjarte av butikken, byr ein gjerne besøkande på ein kopp kaffi. Her kjem både tilsette og kundar innom og set seg ned for ein prat.

Mange seier dei likar seg i Bruktbuo fordi dei kjenner seg viktig, og som ein del av eit fellesskap. Dette er viktige faktorar for å betra livskvaliteten!



Bruktbuo har aktivitetar og treffpunkt utanom butikkdrifta:

Kundefrie dagar

I 2025 har det vore kundefrie dagar, annakvar måndag kl 10-13. Då blir alle frivillige i Bruktbuo invitert med på å rydde, fylle på med nye varer, prise varer, ommøblere med meir. Ein startar alltid med ein liten prat i sofakroken med praktiske opplysningar og anna som rører seg kring butikken. Felles lunsj er eit kjekt avbrekk, der laust og fast om både butikk og andre tema kjem opp. Ved hjelp av desse dagane klarar me å halde eit ryddig lager og butikk. Det brukar å vere godt oppmøte med i snitt 10 frivillige desse dagane. Nokre gongar då det har vore mykje å gjere har me kalla inn til ein ekstra kundefrie dag.

Tysdagsklubb

Tysdagsklubben er eit sosialt handarbeidstreff i butikken. Dei møtes andre tysdag i månaden, frå klokka 11-13. Treffet er ope for alle interesserte. Ein tek med seg 10 kroner til kaffi og noko attåt, samt eige handarbeid om ein ynskjer det. Det er i gjennomsnitt 8-10 personar som møter på desse treffa. Damene på tysdagsklubben er ein imponerande driftig gjeng som produserer flotte heimelaga produkt av restegarn og halvferdig handarbeid som kjem inn på Bruktbuo. Dei ferdige produkta vart flotte gevinstar på basaren som vart arrangert februar, 2025.

Basar

Basaren vart heldt Søndag 9. februar, i gymsalen på Fusa VGS . Dette er verkeleg basaren med dei finaste, handlaga gevinstane.



Det meste av gevinstane er produsert av damene på Tysdagsklubben i Bruktbuo, men ein del blir og levert inn av andre.

Det var godt oppmøte på basaren, så både førehandssal på bok og åresal på basardagen ga ei god inntekt på kr 54000,- Summen går direkte til CBWCF og brannskadde i Etiopia. (styrevedtak sjå økonomi / rekneskap) Neste basar er i 2027. Produksjon av gevinstar er allereie godt i gong!

Medarbeidarsamlingar

Medarbeidarane i Bruktbuo fortener skryt og bli anerkjent for jobben dei gjer. Det er ikkje få timar i året dei står på for å gjere butikken både triveleg og flott. To gongar for året arrangerer me derfor medarbeidarsamling, meint som sosiale treff og eit takk til dei frivillige. I juni var gjengen samla på ærverdige Engevik gard, med god mat, allsong og takketale. I november arrangerte me juleavslutning i stova på Baldersheim helsetun. Ei kjekk stund med god viltgryte, quiz, diktlesing og mykje god stemning.

Labbelaurdag og kampanjar

I september arrangerte me labbelaurdag i Bruktbuo. Me selde lynlodd og premien var heimestrikka labbar leverte av frivillige og nokre strikka på tysdagsklubben. Inntekta frå loddsalet, og restesalg av labbar går direkte til føremålet CBCWF i Etiopia.



Bruktbuo har hatt ulike kampanjar i 2025, mellom anna på koppesett og klede. Det er tydeleg at ekstra publisitet og at det skjer noko i butikken aukar kundar og sal.

Tv-aksjonen

Årets tv-aksjon, søndag 19. oktober, gjekk dette året til Atlasalliansen. Dei jobbar mellom anna for å hjelpe funksjonshemma born og unge i krigsramma områder. Bruktbuo er ein trufast støttespelar til tv-aksjonen.

Laurdagen før aksjonen var det sal av kaffi og vaflar der inntekta gjekk til tv-aksjon. All inntekt frå sal denne laurdagen gjekk og til Atlas Alliansen, samla kr 5320,-

På aksjonsdagen, er Bruktbuo møteplass for alle som leverer inn bøsser frå dei ulike rodene.

Laurdag 18. oktober gjer Bruktbuo all inntekt av salg til Tv-Aksjonen og Atlas alliansen -me har og ein liten kafè med kaffi og vafflar

VI STØTTER TV-AKSJONEN
19. oktober tvaksjonen.no

Bruktbuo
La brukte bli brukte

TV-aksjonen

-KOM INNOM. GJER EIT GODT KJØP OG STØTT EIN GOD SAK-

Meir støtte til Etiopia

I butikken vår sel me og Etiopisk kaffi og diverse handlaga produkt (kjøkkenklutar, toalettvesker, brødkorg, hårstrikk...)
Desse produkta er imponerende laga av brannskadde. Salet av dette går direkte, via eige vippsnr til inntekt til CBCWF og inngår ikkje i rekneskapet til bruktbuo.



Me får inn mykje restegarn på butikken, og alt blir ikkje nytta til gevinstar. Noko blir laga om til tepper og babyklede. Desse samlar me og sender til NLM sin base i hovudstaden Addis Abeba. Det blir der i frå frakta til ulike plasser der det er behov for varme klede. Tusen takk til alle som har levert inn garn og ferdig strikka tepper og babyklede til oss i 2025.

Det vert og laga og levert strikka babyhuer, sokkar og tepper til [nyfødtingensiven](#) på Haukeland US. Desse er levert og tilbakemeldinga er tusen takk, dei set utruleg stor pris på bidraget!

Takk

Takk til styret og til dei frivillige som er med på å halda Bruktbuo i gong!

Ein ekstra stor og hjartevarm takk til deg, du som står på, tar vakter, møter kundane med eit smil, deltar der og når du kan. Du som strikkar eller syr, ryddar, vaskar og er med på å halda butikken fin og innbydande.

Bruktbuo er ein god stad og vera, og ein flott butikk – på grunn av deg!

Me vil og takka alle dei som kjem med varer til butikken vår. Små og store skattar, som får nytt liv og lov til å skina litt lenger i ein ny heim.

Sist men ikkje minst er me glade for å ha så mange og kjekke kundar innom i butikken vår – dei er hjarteleg velkommen innom, for ein god prat eller ein god handel. Håpar du veit at det du legg igjen av kroner gjer ein stor forskjell for humanitært arbeid i Etiopia, for born og unge i nærmiljøet og at du støttar eit berekraftig og miljøvenleg tiltak!



Har du lyst til å bli frivillig i bruktbuo, eller kjenner du nokon du tenker dette hadde passa for? Hos oss er alle hjarteleg velkommen!

Ta gjerne kontakt med oss i butikken eller i Fusa frivilligsentral